

SOKNEPRESTEN HAR ORDET

BRILLER, PINSE OG VEDKJENNING

Nyleg sa legen at eg burde få meg lesebriller. Som sagt så gjort. No har eg 4 par med + 1.50 styrke. Når vi ikke ser klårt sjølv, er det viktig med briller, så vi kan sjå kva som står skrive.

Det er pinsetid!

I tida fram til pinse har vi høyrt at Talsmannen skal koma. Han skal overtyde om synd, rett og dom. Men Han skal også herleggjere Kristus(16,8-10+14) gjere oss trygge på at vi får vere bom av Gud, vår Far i himmelen, og gje oss bøna sitt språk. (Rom. 8, 14-16+26-27)

Pinse tyder difor både syndsvedkjening og lovprising av Han som kan tilgje alle våre synder, slik vi gjer det i gudstenesta. Men her vedkjerner vi også vår kristne tru på Den Tre-Eine Gud, Faderen, Sonen og Heilaganden.

Ordet *vedkjening* er rikt. I Guds Ord har det dei nemnde tre tydingane: *Syndsvedkjening, lovprisning, men og truvedkjeninga* *si fastsettjing* av det Skrfta seier.


Gud Heilaganden er også opptatt av det siste. Tenk om vi kan seie som Paulus: "...eg skjemmest ikke, for eg veit kven eg trur på..." (2. Tim. 1,12)

Pinse er også å ta vare på vår kristne tru! Les. Hebr.10 frå v. 19. Iv. 23. heiter det: "Lat oss halda urikkeleg fast på vedkjeninga av vår von;..."

Når vi les Guds Ord, vil vi alltid ha på oss "briller" i form av føresetnader vi har med oss.

Vedkjeninga gjev oss dei rette brillene. Les Guds Ord, men også den Vesle Katekisma, og så Augustana. Eg garanterer ei rik oppleving, men aller mest at desse rette brillene vil både skape og styrke din kristne vedkjening.

Pinsa må ikkje berre komme og gå i år. Eg trur Anden, ja, Herren vil noko med deg, meg, og si Kyrkje i Øygarden prestegjeld.



svennm